

# Kjære 1.klassing



Hei, og velkommen til din første skuledag her på Seim, torsdag den 18. august kl.8.30. Me håper du og familien din har hatt ein fin sommarferie. Barnehagetilværet er no eit tilbakelagt kapittel, og ein ny epoke i livet står for tur. De er eit år eldre og har allereie lært ein heil del som me saman skal byggje vidare på. Dagane går fort og me merkar snart at hausten kjem snikande. Kveldane vert sakte kortare, og det er godt å kome inn i gode arbeidsrutinar igjen -både for elevar, foreldre og oss lærarar.

Me skal ha klasserom like ved SFO-avdelinga, og har eigen garderobe og toalett. Me har satt namnelappar på pultane, slik at du lett kan finna din plass på torsdag! Det er svært viktig at du tek godt imot "sidekameraten" din, og gjev dei andre ein sjanse til lett å bli kjende med deg. Fint om De heime pratar litt om dette både på førehand og undervegs i innkjøringa til 1.klasse!



*Hugs at eit smil frå nettopp deg,  
kanskje gjer dagen god for nokon andre!*



Sko - og kledehylla di finn du i gangen , rett utanfor klasserommet, der tidlegare 1.klasse hadde korgene sine når De var på besøk. Her **skal** utesko byttast til innesko **før** du går inn i klasserommet. Her finn du og korga di, der det er plass til litt bytteklede, slik at du til ei kvar tid har eit bytte, om du skulle trenga det. Det er viktig at kleda dine er godt merka med namn. Regntøy og uteklede merka med for eksempel HH (Helly Hansen) er det ikkje lett å finna eigaren til.....!Det er fint om elevane får med seg bytteklede til korga si allereie på torsdag!



Det kjem og til å stå ein kasse i garderoben til umerka klede, som de kan leite i visst de saknar noko, men den kjem forhåpentlegvis til å stå tom.




Me kjem til å ha ein litt mjuk start på skuleåret. Me ynskjer å bruke tida på å finne ut korleis elevane er, og korleis dei fungerer i lag. Elevane skal og bli kjent med oss lærarar og assistentar her på skulen. Me kjem til å bruka mykje tid på å jobba inn gode rutinar på dei ulike gjeremåla som me møter i løpet av ein skuledag. Berre det med garderobesituasjonen er eit «heilt kapittel» for seg sjølv, og me krev mykje tid til gjentaking for at ungane skal vita korleis me vil at det skal sjå ut rundt oss og i garderoben. Eigne klede og sko skal på sin plass i garderoben før ein er klar til å ta fatt på det som skal skje i klasserommet. Dette er ei viktig sjølvstendighets trening som de godt kan øva på heime dersom de veit at Dykkars håpefulle treng litt hjelp på dette.

Det vert ikkje delt ut læringsplan med lekser denne første veka, men alle må sjølv sagt legge bind på leseboka si. Ein treng ikkje legge bind på eingongsbøke(=bøker som elevane sjølv skrivt ).

Hugs på at: Du som forelder/føresett er barnet sin første og viktigaste lærar! Saman med Dykk skal me på skulen gjera vårt yttarste for at skulekvardagen vert så trygg og god som mogeleg for alle dei herlege ungane Dykkar!

Dei som har rett på busskort får det fyrste skuledagen. Nytt dei siste fridagane saman med familie og vener!



Vi gler oss til å møta Dykk att, og håpar at også du gler deg til skulestart! Trur me kan få det kjekt saman heile gjengen, om me er snille og greie med kvarandre!

Skuleslutt på torsdag er kl.14.15 og fredag kl.12.10.

Dei som ikkje skal på SFO etter skuletid reiser då heim.

Beste helsing frå *Miriam, Renata og Birte*



tlf: Seim skule 56 375046

Privat: *Miriam*: 98640684 / 56352557 *Renata*: 97038070 *Birte*: 56 361966 / 95218356

